



Faglege råd ved oppstart arealplanar

Informasjonsskriv utarbeidd av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, faggruppe gravplass, mars 2021. Nynorsk versjon.

Statsforvaltaren er fagleg styresmakt med rett til motsegn i samband med regulering av gravplassar og elles der tiltaket vil virke på slike. (Plan- og bygningsloven med Rundskriv H-2/14 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven.)

Gravplasslova og gravplassforskrifta har sentrale føresegner om gravplassar.

Statsforvalteren skal ha anledning til å uttale seg før kommunen gjør vedtak, jf. plan- og bygningsloven kapittel 11 og 12 (gravplassforskriften § 2).

Statsforvalteren forvalter innsigelsesretten etter plan- og bygningsloven for å ivareta nasjonale hensyn i gravplassloven med forskrift og innhenter faglige råd fra Statsforvalteren i Vestfold og Telemark. (Virksomhets og økonomiinstruks, februar 2021, pkt. 5.3.1.9)

Tekstane nedanfor er faglege råd som ein kan nytte ved oppstart av planarbeid. Ved offentlig ettersyn må planane få meir individuell vurdering. Vi har utforma innspela for oppstart av tre kategoriar planar:

- Kommuneplan/planstrategi
- Reguleringsplan som kjem nær eksisterande gravplass eller omgjevnadane til han
- Reguleringsplan som omfatter areal for utviding eller ny gravplass

I dei fleste kommunane er kyrkjeleg fellesråd den lokale gravplasstyresmakta (unntak: kommunane Gjesdal, Vennesla, Sandefjord, Modum og Bærum).

Faglege råd ved oppstart av kommuneplanar/planstrategi

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørndnad som eigenarten tilseier.

- Vi rår til at ein skriv ei gravplassmelding (temaplan) der ein mellom anna vurderer det venta arealbehovet for gravplassane i kommunen. Dersom det eksisterer ei slik melding, bør ein eventuelt revidere ho. Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkeleg areal til gravplass og skal sjølv, i samråd med gravplasstyresmakta, regulere slikt areal.

Generelle føringar for arealplanen:

- Regulert areal til ny gravplass eller utviding av gravplass skal om mogleg òg omfatte ei buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Gravplass skal ein skjerme mot støy i samsvar med gjeldande retningsliner for handsaming av støy i arealplanlegging. Ingen kan ha vegrett over gravplass, han kan heller ikkje ha nokon form for luftstrekk. Ved avsetting av nytt gravplassareal, ver merksam på om grunnforholda er høvelege for gravlegging.
- Gravplass er ofte ein del av eit område med freda/listeført kyrkje eller andre verneverdige kulturminne, kulturmiljø og landskap, slik at ein som hovudregel skal sette gravplassen/kyrkjestaden som omsynssone (hensynssone).
- Ein bør nytte arealformålet «grav- og urnelund» i staden for «offentleg eller privat tenesteyting». Gravplassen er i praksis vanskeleg å nytte eller omregulere til andre formål.

Sjå [gravplasslova](#), [gravplassforskrifta](#), [rundskriv Q-06/2020 Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø](#) (Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet) og [Gravplassrettelearen](#).

Faglege råd ved oppstart av reguleringsplan som kjem nær gravplass eller regulert gravplassareal

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørndnad som eigenarten tilseier, jf. gravplassforskrifta § 1.

Ein skal ta vare på gravplassen sin særeigne funksjon på ein verdig måte, særleg som stad for gravferd, sorg og som minnestad.

Generelle føringar:

- Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkeleg areal til gravplass og skal sjølv, i samråd med gravplasstyresmakta, regulere slikt areal.
- Regulert areal til ny gravplass eller utviding av gravplass skal om mogleg òg omfatte ei buffersone mellom gravplassareal og naboskap.
- Gravplass skal ein skjerme mot støy i samsvar med gjeldande retningsliner for handsaming av støy i arealplanlegging.
- Ingen kan ha vegrett over gravplass, han kan heller ikkje ha nokon form for luftstrekk.
- Gravplass inngår ofte i eit heilskapleg, verneverdig kulturmiljø som er med på å sette rammer for utforminga av naboskapet.

Sjå [gravplasslova](#), [gravplassforskrifta](#), [rundskriv Q-06/2020 Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø](#) (Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet) og [Gravplassrettelearen](#).

Faglege råd ved oppstart av reguleringsplan som omfatter areal for utviding eller ny gravplass

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørndnad som eigenarten tilseier, jf. gravplassforskrifta § 1.

Ein skal ta vare på gravplassen sin særeigne funksjon på ein verdig måte, særleg som stad for gravferd, sorg og som minnestad.

Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkeleg areal til gravplass og skal sjølv, i samråd med gravplasstyresmakta, regulere slikt areal.

Generelle føringar for val og regulering av nytt gravplassareal:

- Ein bør nytte arealformålet «grav- og urnelund» i staden for «offentleg eller privat tenesteyting». Gravplassen er i praksis vanskeleg å nytte eller omregulere til andre formål.
- Det kan vere formålstenleg å gjennomføre ei geoteknisk undersøking for å avklare om området er høveleg til gravlegging.
- Regulert areal til ny gravplass eller utviding av gravplass, skal om mogleg òg omfatte ei buffersone mellom gravplassareal og naboskap slik at ein tar vare på karakteren til gravplassen.
- Gravplassen skal ein skjerme mot støy i samsvar med gjeldande retningsliner for handsaming av støy i arealplanlegginga.
- Reguleringsplanen legger hovudrammene for sjølve gravplassplanen. Statsforvaltaren skal godkjenne han. Ein bør difor vurdere mellom anna tilkomst, parkering og hellingsgrad (universell utforming).
- Ingen kan ha vegrett over gravplassen. Han kan heller ikkje ha nokon form for luftstrekk.
- Gravplass inngår ofte i eit område med freda/listeført kyrkje eller andre verneverdige kulturminne, kulturmiljø og landskap, slik at ein ofte skal sette gravplassen/kyrkjestaden som omsynssone (hensynssone). Karakteren til det eksisterande kulturmiljøet legg vesentlege rammer og premiss for plasseringa og utforminga av gravplassutvidinga/den nye gravplassen.

Sjå [gravplasslova](#), [gravplassforskrifta](#), [rundskriv Q-06/2020 Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø](#) (Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet) og [Gravplassretteleiren](#).